

Strikke- og handarbeidshelg

Bessheim Fjellstue 15-17. mars 2024.

Vågå Husflidslag, garnprodusenten Naturgull, StrikkeTerje i Norsk Strikkeforbund og Bessheim Fjellstue inviterer til ei triveleg handarbeidshelg. Det blir seks forskjellige kurstilbod. Dette blir ei triveleg og lærerik helg med god mat!

Bessheim

FJELLSTUE & HYTTER



Vel møtt til ei kreativ helg!
Helsing Vågå Husflidslag,
Ragnhild og Synnøve i Naturgull
og Kari og Bjørn på Bessheim
Fjellstue.

www.bessheim.no

post@bessheim.no eller
telefon 61 23 89 13

KURSTILBOD

KARDE- OG SPINNEKURS

med Mari Else Graffer og Elin Hestdal Grev.

Kurs i karding og spinning av ull. Du kan ha med rokk og ull sjølv, eller du kan låne rokk og kjøpe ull. Sei i frå ved påmelding om du har rokk sjølv. Ull kan du kjøpe av Naturgull, som sel både tullar og rå ull. Å lære seg å spinne er temmeleg vanskeleg og mykje øving må til, slik at du kan ikkje rekne med å bli god på ei helg. Men du får ei innføring, slik at du har kunnskap til å fortsetje på eiga hand.

Kurset varar 11 timar og har 8 plassar. Kursavgift kroner 600,- per person.

SKINNKURS – SAU

Med Synnøve Højjord.

Her kan du lære å sy i saueskinn og målet er å sy sitjeunderlag med trykk. Skinn og utstyr får du kjøpt på staden, dersom du ikkje vil ha med ditt eige.

Kurset varar 11 timar og har 8 plassar. Kursavgift kroner 600,- per person.

STRIKKEKURS

Med Ragnhild Jacobsen og Trude Reiten.

Strikkekurset vil vera arrangert som eit stasjonskurs med forskjellige teknikkar. Dei forskjellige strikketeknikkane er blant anna dobbeltstrikk, tvebandstrikk, icord, fletter eller kva du måtte ynskje å lære. Du sjonglerer slik du vil mellom stasjonane.

Kurset varar 11 timar og har 20 plassar. Kursavgift kroner 600,- per person.

TOVING OG NÅLEFILTING

Med Torø Vaaagaasarøygard.

På dette kurset lærer du å tove tøfler i saueull som du etterpå pyntar med nålefilting. Naturgull har ull til toving.

Kurset varar 11 timar og har 8 plassar. Kursavgift kroner 600,- per person.

VOTTEKURS

Med StrikkeTerje.

Du lærer å strikke vottar med forskjellige overflatestrukturar i tjukt garn med StrikkeTerje. Terje Tjelle er kjent som StrikkeTerje i sosiale media, og han har halde mange foredrag og kurs om selbuvottar.

Kurset varar 6 timar og har 8 plassar. Kursavgift kroner 600,- per person. Sidan dette kurset er kortare enn dei andre kursa, er deltakarane velkomne til å vera med gratis på strikkestasjons-kurset resten av helga.

KURS I LADDERBACK JAQUARD (SKJÅKBROT)

Med Marianne Skatten.

Dette er eit strikkekurs i ladderback jaquard, som er ei form for dobbeltstrikk. Teknikken gjer mønsterstrikk med lange sprang leikande lett, og i tillegg blir plagga ekstra varme. Vart du nysgjerrig?

Kurset varar 11 timar og har 8 plassar. Kursavgift kroner 600,- per person.

Du er også velkommen utan å melde deg på noko kurs, anten heile helga eller på dagbesøk.



PROGRAM

Fredag 15. mars

Middag på Bessheim klokka 19.00. Menyen denne kvelden er bakt skrei, lam frå Vågå og ein sjokoladetallerken. Etter middagen blir det presentasjon av programmet for helga, arrangørar og deltakarar i peisstugu.

Laurdag 16. mars

Frokost 07.30 – 09.30. Kursstart klokka 10.00. Lunsj klokka 12.30. Menyen er viltgryte og mandelpoteter frå garden Sve i Vågå, samt dessert. Kurs 14.30 – 18.00. Festmiddag laurdag kveld klokka 19.00. Denne kvelden lagar vi ein spanande middagsbuffet med lokale smakar. Strikkepub etter middagen.

Søndag 17. mars

Frokost 07.30 – 09.30. Kurs frå 10 - 12.30. Lunsj klokka 12.30. Menyen er ei god kjøtsupe med byggryn frå Skjåk, godt brød og dessert.

PRISAR PÅ OVERNATTING OG MÅLTID

Pris for rom inkludert alle måltid kr. 2990,- per person i dobbeltrom og kr. 3490,- per person i enkeltrom for heile helga. Da er treretters middag fredag og laurdag kveld og frokost og lunsj laurdag og søndag inkludert i prisen. Det er dusj og toalett og oppreidde senger på romma. Kurs og utstyr kjem i tillegg.

Prisar for deg som vil ha berre somme måltid:

Middag kr. 490,- per person, lunsj kr. 270,- per person, frokost kr. 195,- per person. Rom/frokost kr. 910,- per person per natt i dobbeltrom og kr. 1380,- per person i enkeltrom. Rom/pensjon kr. 1495,- per person per natt i dobbeltrom og kr. 1795,- per person i enkeltrom. I pensjonsprisen er rommet, treretters middag, lunsj og frokost inkludert i prisen.

Bessheim har også hytter og leilegheiter med dusj, toalett og kjøken. Det er mellom 2 og 10 senger i kvar hytte. Prisane og bilete finn du på heimesida vår. Ved hytteteige kjem måltida, utvask og sengeklede i tillegg. Gjesten kan velje å ordne desse tinga sjølv, eller å betale for det. Hyttene og leilegheitene ligg like ved fjellstua, så det er ikkje langt å gå.

Bessheim

FJELLSTUE & HYTTER

PÅMELDING

Påmelding til Bessheim Fjellstue både for kurs, måltid og overnatting. Dersom du ikkje vil bestille «full pakke» heile helga, er det viktig at du seier i frå om kva for måltid du vil vera med på. Betale for kursa gjer i Bessheim.

Spørsmål om kursa sender du til asc.sandbu-gard@hotmail.com



www.bessheim.no

post@bessheim.no eller
telefon 61 23 89 13

Med atterhald om endringar.